



Nr 1 | 2020 | 71. årgang

JESUS CHRIST
DECLARED WITH POWER
TO BE THE
SON OF GOD
BY THE
RESURRECTION
FROM THE DEAD
ROMANS 1:4

Kristus er oppstaden.
Ja, han er sanneleg oppstaden!
God påske!



Har du ein k

Då sa Jesus til henne: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æva ikkje døy. Trur du det?» (Joh. 11.25-26)

Har du ein kross? Kanskje du har fleire? Ein flott gullkross du fekk i dåpen av foreldre eller besteforeldre som du nesten ikkje tør bruke, for du er så redd for å miste den? Ein får krossar som smykke, øyredobbar i alle slag metall og prisklassar. Store eller små, avheng gjerne litt etter kva som er i motebildet. Vi smykkar oss med denne krossen av ulike grunnar. For enkelte er det eit bevisst val å bere ein kross.

Det er no litt underleg har eg tenkt, at vi heng på oss dette som ein gong var eit torturinstrument av verste sort. For det var det krossen var til, å avrette menneske på! Eg har lese ein stad, at på Jesu tid, så var det å bli krossfestaden mest smertefulle og audmjukande måten å bli avretta på. Og det skal ikkje store innlevingsevna til å forstå det.

No, i påska, minnst vi på Jesu liding på krossen, men det stoppar ikkje der. For ved at nettopp Jesus, Guds son, hang der og oppstod den tredje dagen, opna Han vegen mellom Himmel og jord, mellom Gud og menneske. Av den grunn har krossen for alle kristne verda over, vorte eit symbol på håp og frelse. Krossen som stod for grusom død, er bytt ut med eit symbol for evig liv.

Syns du det er vanskeleg å forstå? Vel, då kan eg trøyste deg med at det er vanskeleg for dei fleste å forstå. Men Jesus bad oss ikkje om å forstå, men om å Tru. «Trua si har frelst deg. Gå med fred» sa Jesus til ei kvinne. (Luk. 7.50)

Korleis kan du vite at det som står i Bibelen er rett, har enkelte spurt meg. Nei det kan eg ikkje

Kross?

vite, det er difor det heiter å tru. Det er mange ting eg ikkje kan vite heilt sikkert, men eg kan velge å tru. Og så har eg fått erfare at Trua har gjort noko med meg. Den har gjeve meg skjult ein styrke og tryggleik i livet som eg ikkje kan forklare på anna vis. Tenk deg tilbake til svartaste november, det var neimen ikkje lett å forstå då, at det skulle kome eit spirande liv ute i naturen igjen. Men vi ser det no – og vi har alle erfart det før, våren kjem, nytt liv tyt opp mellom det daude lauvet frå i fjor. Vi sluttar ikkje å tru på våren, sjølv om naturen ser heilt daud ut i november!

Påska handlar om det nye livet. Vi pyntar med påskeegg og kyllingar. Vi plukkar inn greiner og lokkar dei til å spire inne i varmen. Det vert lysare og vi gleder oss til ei lysare årstid.

Eg vil oppmode deg til å bruke litt av tida di no i påska, til å tenke over kva krossen betyr for deg. Om du gjer det i kyrkjerommet, eller gjev rom for det i tankane dine på ein skitur i fjellet, eller ein annan stad, - er opp til deg. Men hugs då at Jesusnakka ikkje om å forstå, men om å Tru!

«For så elska Gud verda, at Han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» (Joh.3.16)

Ønsker deg og dine ei riktig god påske!

Linda Ølmheim

Aslaug Solås:

MIN SONG

Me møter Aslaug i heimen hennar i slutten av januar. Heilt i byrjinga av månaden har ein følgt mannen hennar, Ottar til siste kvilestad. Ein song som vart sunge i løpet av gravferda, var «Den første song eg høyra fekk» det er ein song som Aslaug set stor pris på.

Når ho skal velje, vil ho likevel dra fram ein annan som har hatt mykje å seie for henne. Det er «I Herrens hender», og den vil vi ta fram her i kyrkje-lydsblad denne gongen.

Aslaug ser tilbake med glede på arbeidet ho fekk vere med i på bedehuset i Sørbøvåg og i kyrkja. Ho såg det som si oppgåve å hjelpe til med å ha noko å bite i og ordne til, om det var søndagsskule eller andre tilstelningar.

Foreldra hennar var Mary og Magnus Rye, og ho var van med at det ofte budde talarar heime hos dei. Magnus, var utdanna lærar og praktiserte i nokre år også på Øen skule. Han

vart tidleg sjuk, og vart sittande i rullestol opp gjennom livet. Då lærte han seg noko gresk og hebraisk, samt språket esperanto. Mary var jordmor og var ei aktiv dame i bygda.

Så skiftar tidene, og no er det Aslaug som har komme oppi åra. Ho kjem seg ikkje så mykje ut, men gleder seg over å høyre på gudsteneste, talar og musikk. Så er ho glad for å ta imot etterkommarane når dei er på besøk, og dei er det mange av.

«I Herrens hender» er ein fin song. På nettsida til «Noreapastoren» les me:

Gud kan overraske på helt uventede måter. Det er dumt å stole på innbilte løfter om at du skal slippe å ha det vanskelig.

Men du kan være trygg på at samme hva som hender, kan du få være i Guds hender.

Profeten Jesaja forsikret at vi er tegnet i Guds hender: «Se, i begge mine hender har jeg tegnet deg, dine murer står alltid for meg» (Jes 49,16).

I Herrens hender

I Herrens hender, i Herrens hender
der får jeg hvile, der er jeg trygg.
Det kanskje stormer rundt omkring meg,
men i Herrens hender, der er jeg trygg.

Som når en fugl, med en brukken vinge,
vil flyve hjem, men ikke kan,
så kjentes alt: ingen vind som bar meg,
nå flyver fuglen, for jeg fant:

Om du behøver noen som går med deg,
dit ingen andre har gått forut,
så finns der en som bærer din byrde,
han fins hos deg, til livets slutt.



Framsidebiletet; er teke på ei reise Kari og Audun Systad hadde til Israel februar 2019. Ein kallar denne staden Gordons Golgata og Gravhagen (The Garden Tomb). Det liknar mykje på slik ein forestiller seg Jesu grav, slik Bibelen fortel. Det var den britiske offiseren Gordon som kjøpte denne staden og var med å gjere den så fin at mange har besøkt Gravhagen, hatt ei stille stund og minnst det bibelordet som står i Rom.1,4 (jfr. biletet): «stadfest ved heilagdoms Ande som Guds mektige Son ved oppstoda frå dei døde»

Ved denne staden kan ein lett tenkje: «Slik kan det ha vore ved Jesu grav!».

Historisk er det likevel «Den heilage gravs kyrkje» eller «Oppstodekyrkja» inne i Gamlebyen i Jerusalem, som har historia på si side. Den har og vore eit pilgrimsmål sidan 300-talet. Begge stader er verdt eit besøk!



Skilt som syner at Kvernsteinsparken er nøkkelstad på Kystpilegrimsleia.

(Foto: Astrid Waage)

Kvernsteinsparken som nøkkelstad på Kystpilegrimsleia

Margun Pettersen skriv guidebok for Kystpilegrimsleia. Ho har reist leia til endes mellom Egersund og Nidaros for å gjere seg betre kjent med nøkkelstadene. Torsdag 20. februar vitja ho Kvernsteinsparken saman med Ellinor Bryne.

I guideboka skriv Margun Pettersen om kulturminne, attraksjonar, heilagstader og kva ein kan oppleve på dei ulike nøkkelstadene. Ho vil òg ta med oversyn over offentleg transport til/frå nøkkelstadene, overnattingsstader, kolonialbutikkar, matservering m.m. Sidan Franziska Rüttimann var bortreist, vart det Audun Systad

og eg som fekk vere vertskap i Hyllestad. Etter omvising i Kvernsteinsparken, krossgruva og Hyllestad kyrkje, var det lagt inn ein liten stopp på kommunehuset for meningsutveksling og mat. Her stakk ordføraren innom, og fekk med seg at det er viktig med skilting, t.d. i Staurdalen, som viser at Kvernsteinsparken er nøkkelstad på Kystpilegrimsleia.

Kystpilegrimsleia

Arbeidet med ei kystpilegrimslei frå Rogaland til Trondheim starta allereie i 2010 som eit samarbeidsprosjekt mellom fem fylkeskommunar,

fire bispedømmeråd og Riksantikvaren. etter modell frå den indre leia, eller leiene, frå Austlandet til Nidaros.

Eit viktig mål for prosjektet var å etablere Kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs kysten – med utgangspunkt i kulturminne og heilagstader. Målet er å få i gang ei internasjonal reiselivssatsing og gje ei djupare oppleving av kysthistorie, pilegrimstradisjonar, kyrkjehistorie, samt dei kulturhistoriske aspekta rundt dette. Frå først av var det tenkt ei samanhengande lei, over sjø og land langs kysten, med merka lei over land. Dette

gjekk ein bort frå. I staden har kvar fylkeskommune peika ut fem nøkkelstader (seks i Møre og Romsdal!), som dei meiner har stor kulturhistorisk verdi og serleg relevans i pilegrims-samanheng. Totalt er det altså 26 såkalla nøkkelstader langs kysten som utgjer kystpilegrimsleia.

Pilegrim er ein vandrar på veg mot ein heilag stad

Pilegrimsvandring er ikkje berre vandring på dei nasjonale Olavsvegane mot Nidaros, eller på den mest kjende i europeisk samanheng, pilegrimsvegen til Santiago de Compostela i Spania. Pilegrimsvandring er sagt å vere ei vandring mot ein heilag stad. Då er det målet og ikkje avstanden, som avgjer om ein er ute på pilegrimsvandring. Mange går pilegrimsvegen frå Oslo til Trondheim over fleire år, med ein etappe i året, men det endelege målet er Nidaros. Regionalt har det vore ei årvisst pilegrimsvandring på Sunniva-



Pilegrimsvandring frå Eidsneset til gamle kyrkjegarden på Hyllestad, mai 2018.

(Foto: Terje Eilertsen)

leia. Den startar på Kinn, etter Kinnaspelet og endar opp fem dagar seinare med gudsteneste i Sunnivahellaren på øya Selja. Ettersom ein kvar kyrkjeveg eigentleg er ein pilegrimsveg, er det vorte meir vanleg med lokale pilegrimsvandringar. Det har vore pilegrimsvandringar i Gulen, i Balestrand – og i Hyllestad. I mai 2018 vart det arrangert pilegrimsvandring, med stor deltaking, frå Eidsneset til

Hyllestad, og avslutta med gudsteneste på gamle kyrkjegarden på Hyllestad.

Kanskje det kan vere eit godt samarbeidsprosjekt for soknerådet og sogelaget: å gå eller ro dei gamle kyrkjevegane i kommunen i samband med nokre av gudstenestene i sommarhalvåret.

Astrid Waage

Keltisk kveld – samarbeid med Folkeakademiet

Folkeakademiet har ei lang og god fartstid i Hyllestad, og også fleire samarbeidstiltak med kyrkja. «Keltisk kveld» var eit slik tiltak. Søndag 24.november var ein samla i Hyllestad kyrkje, der Bjørg og Kjell Sæter, pensjonert presteapar frå Leikanger, fortalde og viste bilete frå Noreg og Irland. Ikkje minst steinkrossane var framme som tema, og Hyllestad spela ei viktig rolle. Det var song med kjente og ukjente salmar og songar med irsk, skotsk og engelsk bakgrunn. I tillegg til fleire allsongar, song Jostein Ryland og Ragnhild Stav spela flygel.

I 2020 tek Audun Systad til på ei etterutdanning, for å få meir kjennskap og kunnskap om bakgrunnen for steinkrossane, som saman med kvernsteinane er ein viktig identitetsbyggjar for Hyllestad.





Konfirmantleiren på Alværa, januar 2020



Dette året og vart det felles konfirmantleir mellom Balestrand, Hyllestad, Lavik og Ortnevik/Bjordal.

I år var det helga 17.-19. januar- ei helg med ein del nedbør, men opphald mellom bygene, slik at ein fekk vere ute på laurdagen. Det var ein stor flokk i år, 40 konfirmentar



pluss leiarar.

Fredag var det «Bli-kjent-kveld» med leikar og moro, leia av Andreas. Det var også to jenter frå Madagaskar med denne helga; Marina og Vololomboahangy (brukte eit kortare kallenamn!). Dei fekk

god kontakt med konfirmentane, og leia ei songgruppe på gudstenesta søndag.

Frå Balestrand var det med to konfirmentforeldre som hjelpte til, både som nattevakter og praktisk på kjøkkenet. Takk og til foreldre frå Hyllestad som



var nattevakter, og som baka til kyrkjekaffien på søndag.

I løpet av helga såg vi Jesus-filmen, laga ut frå Lukasevangeliet. Det var post-løp og fine aktivitetar ute. På gudstenesteverkstadene øvde ein inn dramastykket om Jesus og Barrabas. Det hadde prest Kjetil ansvar for, Audun for forbøna. Toril leia ei bønnevandring som var utandørs. Ein kunne lese bibelvers og tenne lys. Det var taco laurdag kveld, med fest-

stemning over seg.

Alværa har ikkje fast tilsette, men er avhengig av frivillig hjelp. Allsidige Finn Indrebø, som bur på Askøy og arbeider som vaktmeister ved Danielsen skole i Bergen (i sitt 72.år!), tok ansvar for kjøkkenet denne helga. Maten var god, og alle var fornøgde!

Konfirmantane vart kjende med nye frå andre stader og somme held sikkert kontakten framleis!

På gudstenesta søndag fekk vi høyre om då Jesus døydde i staden for oss, og håpet han gjev oss i trua på seg-

Kjekt at fleire foreldre frå Hyllestad var tilstades. Gudstenesta varde om lag ein time, og så var det heim, etter kyrkjekaffien. Litt trøytte var nok fleire, men trur og vonar at det var ei god helg for alle!

Hyllestad sokneråd vil med dette takka for den rause gåva i høve avvigslinga og avhendinga av Sørbøvåg bedehus

Gåvebrevet kan du lesa her:

Øn indremisjon har vore formell eigar av Sørbøvåg bedehus, Ramsgrø bedehus og Skifjorden bedehus. Sørbøvåg bedehus er no nedlagt, og det stå pengar på driftskontoen. Bedehusstyret har hatt det fulle økonomiske ansvaret for drifta og etter fullmakt stått for avviklinga.

Etter nokre økonomisk vanskelege driftsår, tok ei nyoppretta bedehusforeining på seg å samle inn pengar til drifta av huset i åra 1999 – 2012.

Ved såleis å sikre det økonomiske grunnlaget for vedlikehaldet av huset, sytte ein dermed for tenlege møterom for det kristelege arbeidet, og kvinneforeininga hadde særleg omsut for sundagsskulearbeidet.

Når no bedehuset er avhenda, har bedehusstyret gjort vedtak om å overføre storparten av den disponible summen, kr 84 800, til Hyllestad sokneråd. I tillegg kjem ein mindre sum som

vert ettersend ved avslutninga av kontoen. I tråd med målsetjinga for bedehuset sitt føremål/foreininga sitt arbeid har bedehusstyret vedteke at midlane skal fordelast likt mellom det kyrkjelege barne- og ungdomsarbeidet og vedlikehaldet av Øn kyrkje.

Midlane vert overførte til soknerådet sin driftskonto som så fordeler dei på dei rette konti og syter for at dei vert nytta i samsvar med det vedtekne føremålet.



Kjekk besøksdag til Eiklund med konfirmantane

Det har vorte ein fin tradisjon dei siste åra, at konfirmantane har teke ein tur til Eiklund, hatt noko program og også fått høyre litt frå bebuarane; korleis det var den gongen dei var konfirantar.

Torsdag etter konfirmantleiren, den 23. januar, tok konfirmantane bussen utover etter skuletid, 17 av 18 var med. Aud på kjøkkenet varma pizza, og det gjekk fort ned, det som var. Denne gongen vart det først lagt opp slik det pleier å vere, med at organist Erling spela til salmane. Den eine var salmen «Med Jesus vil eg fara», kjent frå dei eldre si konfirmasjonstid ;og ein av dei nyare: «Tett ved sida mi går Jesus». Audun hadde ein kort andakt, der og konfirmantane vart involverte med lystenning og framseining av Joh.8,12: Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg skal ikkje van-

dre i mørkret, men ha livsens lys». Linda Ølmheim var med og fortalde om drama og song. Konfirmantane sa namna og kor dei kom ifrå, slik at dei eldre gjerne kunne kjenne til nokre av familiane. Eit par av konfirmantane, Ingelin og Viljar fortalde litt om Lysmesse, nattcup, leir og korleis ein konfirmanttime er opplagt i kyrkja. Så fekk vi høyre litt frå dei eldre sin konfirmantkvardag for lenge sidan. Gunvor Inderøy fortalde om at dei måtte reise sjøvegen, ho fortalde om mange salmar som dei lærte, og om høgtida i kyrkja. Lillian Eikelid fortalde og om konfirmasjon i Bø. I etterkant brukte konfirmantane god tid på å snakke med dei eldre, og kontakten var god. Skyss med rullestolane fram til romma, hjelpte dei og med. Både eldre og yngre synst det var ei fin stund!



RETTING:

103-åringen, Jenny Tveito

var i kyrkja i dåpen til Viktor Tveito, som vart døypt 17.november. Ho er oldemor til dåpsbarnet, ikkje tippoldemor som det stod i sist kyrkjelysblad. Jenny er no sitt 104.år, og er eldst i Hyllestad.



Saksa frå Årsrapport 2019

Fram til t.o.m. side 15 | Heile årsrapporten finn du på www.hyllestad.kyrkja.no

Tilsette hos Hyllestad sokn

Kyrkjeadministrasjon: 0,75 årsverk. Kyrkjevevje 25%, Irene Fløde –innleigd frå Fjaler sokn som dagleg leiar med hovudansvar. Kyrkjeseekretær 50%, Aslak Åm Sognnes, som etter eige ønske reduserte til 40% frå 1.mars 2019. I tillegg til å vere sekretær har han ansvar for gravplassar inkl. festeavklaring. Han avlastar kyrkjevevje og har praktisk tilsyn med kyrkjer og kyrkjegardar, er altnogelegmann.

Kyrkjer:

0,75 årsverk: Kyrkjetenar 40%,

Gunvor Instefjord og organist 35%, Erling Akse.

Trusopplæring, interkommunalt samarbeid:

1,0 årsverk fram til 30.6.2019. Kyrkjelydspedagog 100% t.o.m. 30.6.2019, 75% frå 1.7.2019, Toril Lange.

Hyllestad sokneråd har arbeidsgevaransvaret. Toril Lange arbeider 25% hos Hyllestad sokneråd, 50% hos Høyanger kyrkjelege fellesråd og 25% hos Det Norske Misjonsselskap – NMS.

NMS sa opp sin avtale med Hyllestad sokn frå og med 1.

juli 2019.

Hyllestad si finansiering av stillinga er statstilskot til trusopplæring og restfinansiering med innsamla midlar.

Tilsett hos Bjørgvin

bispedømeråd: 0,6 årsverk.

Sokneprest 60%, Audun Systad. Soknepresten har avtale om inntil 40% stilling i sokna Askvoll og Fjaler, men arbeider i praksis meir enn 60% i Hyllestad sokn.

Soknepresten er, i tillegg til å være fast medlem i soknerådet, også representert i kommunen sitt kriseteam.

LIVSRITER

	2016	2017	2018	2019
Dåp - totalt	9	12	10	8
Dåp - busette i Hyllestad	7	7	7	4
Konfirmant	18	17	18	10
Vigsel	3	1	0	0
Gravferd	10	17	15	20

Det er no slutt på at kyrka får melding om fødselar. Vi får heller ikkje henta ut frå medlemregisteret, barn av medlemmer. Vi får difor ikkje lenger sendt ut orientering om dåp. Dei fleste vel likevel å ta kontakt med kyrkja og ønskjer

å døype borna sine. Vi prøver å orientere om dåp i kyrkjebladet.

Ved dåpssamtalen får foreldra eit innramma dåpsbilde (med eit bilde og eit vers) og ein CD med kristne songar. Ved dåpen i kyrkja får dei eit dåpslys.

Konfirmanttalet var det lågaste på mange år, berre 10, før det får eit oppsving igjen året etter.

Ingen ønskte kyrkjeleg vigsel, men eitt par ønskte kyrkjeleg velsigning.

Gravferder var det høgste talet på mange år, 20 stk. Fordelinga var 9 i Hyllestad kyrkje, 4 i Bø kyrkje, 4 i Øn kyrkje og 3 i Øn kapell.

Barne- og ungdomsarbeid – Hyllestad sokn 2019

v/kyrkjelydspedagog Toril Lange

Mange av tiltaka i trusopplæringsplanen er no godt innarbeidd, og oppslutnaden er stort sett god. Men framleis er det alderstrinn som ikkje får noko tilbod kvart år frå kyrkja. Dette må drøftast både i sokneråd og i trusopplæringsutval og sjå om det er høve

til å starte opp det tiltaket som var tenkt for målgruppa eller tenke alternativt tiltak. Ungdomane derimot har eit tilbod i Ungdoms-klubben Solution og BaceCamp.

Soknet har godkjent trusopplæringsplan frå 16.01. 2013, som ein delvis gjennomfører.

Planen må reviderast, slik at den samsvarer meir med kva det som verkeleg skjer. Sidan 2013 har ein del føresetnader endra seg og ein har gjort ein del erfaringar. Tiltak som ikkje er med i den opphavslege planen er og kome til.



Følgjande trusopplæringstiltak vart gjennomført i 2019

Myldresamling er eit tiltak som er ganske nytt og som ein har fått mange gode tilbake-meldingar på. Det starta opp vinteren 2018. Ein ville ha eit tiltak for born under skulealder (frå 3 til 6 år) som hadde vore med på noko i kyrkja hausten før. Vinteren/våren 2019 var det 4 myldresamlingar. 22 av 35 born i målgruppa var med på ei eller fleire samlingar. Myldresamlingane er onsdagar kl. 17.15. Det startar med ei samlingss-tund på ca. 30 min med song (songkort), bibelforteljing med flanellograf og lystenning. Deretter kan dei som vil, stoppe igjen og ete kvelds.

Kvar haust har det i fleire år vore eigne samlingar for dei ulike aldersgruppene.

Fleire gonger har ein vurdert om ein skal endre samlingane om hausten, og inviterer fleire alderstrinn samstundes. Førebels held ein fast på slik det alltid har vore.

Hausten 2019 var det:

Myldresamling for 2- og 3 åringar med tema Noahs ark og bordbøn. Det vart servert graut og alle fekk med seg etebrikka med teksten «O, du som settar liten fugl» heim. 8 born kom.



4 årssamling og hasttakkefest med utdeling av «Mi kyrkjebok 4» med aktivitetshäfte – «Gjere saman.» Alle var med på ei eller begge samlingane.

5-årssamling. Hausten 2019 var det 2 «kyrkjerottesamlingar». På familiegudstenesta i november delte ut DVD: Kirkerottene eller Kirkerottene på sirkus til 5-åringar. 9 av 12 var med på ei eller alle samlingane.

Førsteklasses og Mi kyrkjebok 6

Det var ein 6-åring som var med på 6-årssamlinga medan 4 born fekk Mi kyrkjebok 6 på familiegudstenesta.

Myldresamling – tema jul var for alle som vart 2, 3, 4 eller 5 år i 2019. I tillegg til song, juleforteljing, lystenning og kvelds, var det ei formingsøkt der dei lagde englar.

På **tårnagenthelga** er det samling i Øn kyrkje på laurdag og Hyllestad kyrkje søndag. Det er no blitt ein tradisjon at tårnagenthelga er for 3. og 4. klasse, og at alle har høve til å vere med 2 år på rad. Dette fungerer svært bra. I 2019 var det 13 tårnagentar.

Besøk i kyrkjetårnet er ein viktig del av tårnagenthelga. Difor var ein i Øn kyrkje laurdag. Tårnagentgudstenesta søndag var i Hyllestad kyrkje, sidan det der er enklare med kyrkjekaffi og det tekniske. Tårnagentane var med å gjere det til ei flott gudsteneste. Mange foreldre bidrog på ulike måtar og var med å gjere helga til ei god oppleving.

Bibelutdeling var på såmanns-søndag og tårnagentgudsteneste. 6 biblar var delt ut denne søndagen. Seinare vart det delt ut 5 biblar på minikonfirmantsamlingar. Tårnagentgudstenesta markerte også starten på minkonfirmantopplegget.

Minikonfirmant for 10/11-åringar (5. klasse) består av 4 samlingar i Hyllestad kyrkje rett etter skuletid, weekend og diplomutdeling. Utdelinga var på siste gudstenesta før påske.

Weekenden på Alværa i april var saman med minikonfirmantar frå Høyanger, Gulen og Balestrand. Alle som hadde fått invitasjon, var med på minikonfirmantopplegget.

Det var ikkje **LysVaken** i 2019. Tiltaket vert no gjennomført annakvart år og er då for både 6. og 7. klasse. Neste gong er i november 2020.

Trusopplæringsutval

Trusopplæringsutval (TRU - utval) har følgjande medlemar: Unni Systaddal (frå Soknerådet), Liv Kirsten Mjell Hofsvik, Anfrid Misje Åsmul, Kari Systad og kyrkjelydspedagog. Utvalet har hatt 1 møte der ein evaluerte tiltaka som er gjennomførte og vurderte nytt tiltak. . Ein drøfta m.a.

familiesøndag. Det er, så langt, satt på vent.

Hyllestad kyrkje er ein god stad å ha samlingar. Born, unge og foreldre trivst godt der og dei føler seg heime i kyrkja. Multimedia-anlegget lettast ofte arbeidet mykje. Kyrkja er eit godt lokale til mange ulike aktivitetar. Det er lett å ha måltid her, anten det kyrkjekaffi eller kvelds. Bordfellesskap er med å skape kontakt, tilhøyrrighet og trivsel. Her kan vi både ete, sove, leike, sjå film, myldre, be og ha gudsteneste.

I kyrkjelyden er det gode medarbeidarar med omsyn til trusopplæring, men ein treng likevel fleire. I tillegg er det positive og viljuge foreldre som stiller opp på einskildtiltak når borna deira er med. Nokre konfirmantar har og vore med som

ungdomsleiarar på samlingar for born. Alle gjer ein flott og viktig jobb!

Vegen vidare:

Myldresamlingane har vore svært positive. Det må ein bygge vidare på. Kanskje kan desse sjåast i samheng med familiesøndag. Det er få (berre Lys Vaken) og ikkje tilbod til 6.-7. og 8. klasse. Kva kan gjerast her? . Likeins manglar ein tiltak for 7-åringar (2. klasse). Skal ein starte opp med noko? Ein må vurdere om ein har kapasitet til å starte nye tiltak, for det er også viktig å ta vare på det som fungerer godt. Skal ein lukkast og skal ein kome vidare med det viktige og spennande arbeidet, så er det ein føresetnad med fleire medarbeidarar som tar ansvar.

Ungdomsklubben i Hyllestad og Base Camp

v/Jostein Ryland

Ungdomsklubben i Hyllestad kyrkje

Ungdomsklubben hadde nokre få forsøk på samlingar tidleg i 2019, med liten oppslutnad, og i haust har vi ikkje klart å halde oppe eit tilbod. Litt av di dei jentene som har vore drivkrafta her, no er vekke på skule og anna, eller travle i jobb. Men vi har nokre tankar i lag med Mari / Veslemøy, so kanskje vi kan få til noko igjen, vi får sjå til våren / hausten kva vi kan gjere, kjem til å ta kontakt med Audun på dette.

Base Camp i Hyllestad

Base Camp i Hyllestad er eit «begrep» og eit årleg arrangement, eit arr. som no når både ungdommar i Hyllestad og ungdommar godt utover våre kommunegrenser, frå Sunnfjord til sør om Bergen. Den 4-6 oktober 2019 var igjen ca. 50

ungdommar samla i Hyllestad, der ca. 40 av desse var påmelde som deltakarar og der ca. 10 var deltakarar med arrangør og gjennomføringsansvar. Utover desse kom der ca. 10-20 ekstra personar på dei to opne arrangementa, kveldsmøte fredag og gudsteneste sundag.

Base Camp i Hyllestad opplever vi som eit viktig arr. og også i år var vi svært glade for å notere ein god lokal gjeng med Hyllestad ungdommar som deltok denne helga. Dette gjev oss lokalt energi og vilje til å planlegge for nytt arr. til hausten 2020, så det er berre å sette av fyrste helga i haustferien alt no.

Base Camp 2019 er det femte Base Camp arrangementet i Hyllestad. Noko av det som gler oss mest å sjå er dei lokale ungdommar som for fem år sidan var med som konfirmantar,

no er med å tek større og større aktiv del i leiargruppa for gjennomføringa av arrangementet.

Talarar i år var:

Ole P. Livden - Benjamin Vindenes - Natalie Schubert

Base Camp leiarar for gjennomføringa var i år Askøy sin Marcus Vindenes og Joakim Birkeland i lag med styret i Hyllestad Solution, Karine, Veslemøy, Gina, Adrianne og Mari.

Desse ungdommane er dei som står for planlegginga og gjennomføringa av leiren, vi vaksne er med og legg til rette for det praktiske og trygge rundt mat, overnatting m.m.

Ynskjer her å rette stor takk til skulen v. rektor, Hyllestad kommune v. Gjermund Flage og til Kvernsteinsenteret v.

Franziska Rüttimann Storemyr i Hyllestad, for at vi får låne, og bruke, lokalar og område, til gjennomføring av ulike aktiviteter og til overnatting og servering av mat m.m. I år var det særskjelt å kunne ta i bruk den nye Hyllestadhallen på laurdag ettermiddag, og særleg vart biljardsalen ein populær samlingsplass for aktivitet, stor takk til biljardgruppa som sporty stilte opp. Og ikkje minst må vi takke alle som stiller opp med mat, hjelper til un-

der arrangement, og stiller opp som nattevakter og med tilrigging og nedrigging av utstyr, anten dei er tilreisande eller frå Hyllestad, utan dykk hadde dette ikkje gått an å arrangere på ein slik god måte som Base Camp i Hyllestad er blitt.

Vi opplever at Base Camp i Hyllestad er noko mange ungdommar gler seg til kvart år, og mange reiser også lang veg for å kunne delta her år etter år. For våre lokale ungdommar

trur vi det er svært viktig å få oppleve at andre ungdommar frå våre nabo-kommunar, og frå Bergen, Askøy, Arna, Lindås og Haugesund, kjem til Hyllestad og synest dette er ein flott plass, der dei deler gode opplevingar i lag, og slik knytter nye framtidige vennskapsband. Takk for Base Camp 2019 og vel møtt til Base Camp nr. 6 i rekka 2.-4. oktober 2020.

Jostein og Kirsten Ryland

Samarbeid kyrkje – skule, barnehage og konfirmasjons-undervisning

v/Sokneprest Audun Systad (AS)

Samarbeid kyrkje – skule og barnehage

Hyllestad kyrkje har ei særskild plassering mellom skulen og barnehagen på Hyllestad.

Skulegudstenesta til jul er godt innarbeidd og det var fin deltaking ved born, både med lesing og musikk. 19.des.2019 var det ekstra mange innslag, då det og var ei gruppe frå Hyllestad musikk-korps som deltok. Ein har inntrykk av at familiar med born frå andre kulturar og religionar også prioriterer desse samlingane. Elles er det vanleg fritaksrett, men mest alle er med. Same dagen var det og gudsteneste for barnehagen, der det denne gongen la seg til rette for ekstra mange.

I 2019 vart det på ny påskevandring, ei fin gruppe Ved møte med lærarane under visitasen kom det ønske om ein ny, fast samarbeidsplan med kyrkja. Svært gledeleg, og planen kom til på nyåret 2020

Konfirmasjonsundervisning

I 2019 var det konfirmasjonsgudstenester i Hyllestad og Bø kyrkje. I Øn kyrkje var det etter planen berre ein konfirmant, og han vart konfirmert saman med



dei i Hyllestad, slik at gudstenesta i Øn gjekk ut. Det var eit lite konfirmantkull dette året, berre 10. Under visitasen fekk dette kullet ekstra mange oppgåver. Det er god oppslutning om kyrkjeleg konfirmasjon i

Hyllestad.

Ein har ført vidare samarbeidet med Lavik. Det er om lag annankvar torsdag, no rett etter skuletid. Kyrkjerommet i Hyllestad høver godt til konfirmasjonsførebuing. Ein brukar

opplegget «Delta» som IKO gjev ut, samstundes som det er vekt på song og drama i løpet av året. Ein har freista teke med styrken frå det tidlegare opplegget «Følg meg», med mykje gruppearbeid.. Kvar samling tek til med opning og avslutning kring lysgloben.

I 2019 var det på ny ein vel- lukka leir på Alværa saman med Balestrand og Bjordal. I til-

legg til sokneprest i Hyllestad, er sokneprest i Lavik, Andreas Ester, trusopplærar Toril Lange (av og til) og dei to frivillige medarbeidarane frå Hyllestad, Kirsten Gravdal Ryland og Linda Ølmheim med. Ved tema- gudstenesta våren 2019 deltok og Jostein Ryland saman med Kirsten på song. Ein tek til med brød og pålegg på samlingane.

Konfirmantane hadde, som

nemnt, besøksdag på Eiklund, med song og fin samtale med bebuarane.

Konfirmantane er kyrkje- vertar på gudstenester, noko som vert sett pris på av kyr- kjelyden. Etter konfirmasjonen var konfirmantane samla i Hamneparken i Sørbovåg og ved naustet til Kari og Audun. Det vart også tid til leik og vol- leyball-spel.

Gudstenester	2015	2016	2017	2018	2019
Gudstenester – totalt i Hyllestad sokn inkl. kvardagsgudst, barne og skulegudst.	50	56	50	53	47
Frammøte totalt	3086	2979	3207	3318	2597

Gudstenesteliv, Eiklund – Hyllestad omsorgssenter og diakoni

Sokneprest Audun Systad

Gudstenesteliv i Hyllestad

Medan ein i 2018 hadde kyrkje- jubileum og bispevisitas, var det i 2019 eit «normalår» igjen i Hyllestad kyrkjelyd. Det var nokre færre gudstenester dette året, og ein registrerer noko nedgang i frammøtet. Noko av forklaringa kan ligge i eit lite konfirmantkull (ei av dei tillyste konfirmasjonsgudstenes- tene gjekk ut, fordi den eine konfirmanten ynskte å bli kon- firmert saman med andre.) Det var relativt få gudstenester med dåp, og nokre av friluftsgud- stenestene kom på dagar med usikkert ver.

Biskopen, som i 2018 rosa kyrkjelyden for eit jamt og bra frammøte, sa også ord me gjerne kan ta til oss på ny: «Gudstenesta opnar opp for mø- tet med Gud, der trua kan leva og få næring, der vi kan høyra evangeliet om frelsa i Jesus Kristus. Det er ikkje nok å vita det, vi treng at evangeliet vert sagt til oss, vi treng å høyra det på nytt, å oppleve det på nytt.

Det er grunn god nok til å gå på dei vanlege gudstenestene, når det ikkje er ein spesiell dag. Det er difor kristne til alle tider har samlast på søndagen. For å gje Gud ære og fordi trua treng det»

Det er igjen viktig å minne om at me ser verdien av å samlast på tvers av geogra- fiske avstandar, fordi me er ein kyrkjelyd. Det må og takast med at nokre gudstenester vert haldne på Alværa, og der kan vere fleire frå Hyllestad, slik som konfirmant – og minikonfirmant-gudstenester. Til Alværastemnet 2.juni kom kyrkjelyden i Balestrand på be- søk, og Hyllestad vart oppmoda om det same. Me var ein fin flokk der (65). Kjetil Netland heldt talen, Audun Systad var liturg og den tidlegare presten i Hyllestad, Ole Agnar Helland, var organist.

Gledeleg er det på ny å kunne skrive at trusopplærings- gudstenestene samlar mange born og familiar. Her får ein unik kontakt med ei breidde av

denne gruppa i kyrkjelyden. I dei aller fleste av desse gudste- nestene står kyrkjelydspeda- gog, organist og sokneprest saman om planlegging og gjen- nomføring. Gode hjelparar i trusopplæringsutval og andre stiller også opp; av dei og fleire foreldre, som syner interesse og støtte.

Ei friluftsgudsteneste ved tomte til dagsturhytta, fall på ein litt dårleg dag vermes- sig. Tilbakemeldingane var at dette vil ein gjerne prøve på ny, no når hytta er kom- men opp! Fjøs/naustmessa ved Espelandsvatnet har nærast blitt ein tradisjon. Takk til lokale krefter som syter for servering. Aller best frammøte var det ved Havørnbauten i august, der det var 43 frammøte. God mat ved grendalaget! Den planlagde gudstenesta i Porten måtte dessverre gå ut, grunna dårleg ver og høge bølger, men det må prøvast igjen!

Det er gledeleg at ein har fått godt i gang kyrkjevertordninga med kyrkjekaffiar etter dei aller

fleste gudstenestene. Det involverer fleire.

Tid for tru - samlingane som ein tok til med i 2016, fekk ein på ny gå vidare med våren 2019. Då var temaet: «Til glede». Det er utarbeidd av sokneprest Bjørn Nygaard for Bjørgvin bispedøme. Ein hadde 5 samlingar utover våren, og ei «meditasjonsgudsteneste» ein kveld i mai. Desse samlingane som var eit studium i Flipparrevet, samla 10-15 og vart leia av Audun Systad. Ein trur at desse møter eit behov for undervisning av vaksne.

Bønesamlingar

Desse samlingane har no gått jamt og trutt frå mai 2016, og heilt til dags dato. Det er onsdagskveldar kl.19.30-21.30, og starta som : Song, bøn og samtale. Det er ikkje alltid dei har blitt kunngjorde, men det vil ein forsøke å gjere, slik at alle kan sjå at det er opne samlingar.

Samlingane vart omtalt med intervju i kyrkjelydsbladet nr.2/2017. Det er på det jamne 5-7 personar som samlast. Det er verdifullt for ein kyrkjelyd at nokon ber, det gjev styrke til arbeidet elles. Bønegruppa fortel at det blir meldt inn emne som menneske i kyrkjelyden ønskjer det skal bli bedd for. Av og til er det aktuelt med temakveldar/gudstenester same onsdag.

Involvering

Arbeidet med involvering heldt fram og i 2019, jamfør kyrkjevertordninga. Konfirmanter vert spurde om oppgåver, og som nemnt er involveringa stor i gudstenester tilknytt trus-opplæringa. Ikkje sjeldan er det bønnevandring ved slike gudstenester, det er med å aktivisere kyrkjelyden på ein fin måte. Samstundes har ein ikkje fått hatt så mange møte

i gudsteneste – og diakoniutval. Det skuldast at det kan vere tidkrevjande, og at ein er få tilsette med lågare stillingsprosent enn før. Dette vert eit satsingsområde for nytt sokneråd

Organist og prest har fleire gonger formidla spørsmål om song- og musikk-innslag, noko som har vorte sett pris på. Kirsten og Jostein Ryland syng ved fleire høve, og formidlar spørsmål til andre. Det er verdfullt. Gruppa «Moreld», har me gledeleg nok fått høyre meir til det siste året.

Innslag om misjon og kontakt over landegrensar

Hyllestad kyrkjelyd har i ei årrekke støtta misjonsprosjektet i Mali, gjennom Det Norske Misjonsselskap (NMS). Trusopplærar Toril Lange som sjølv har vore misjonær i Mali, tek dette aspektet med inn i undervisninga i kyrkjelyden og ved leirar på Alværa misjonssenter. NMS inviterer årleg til samlingar for heile Sogn og Fjordane. Soknepresten var tilstades på ei slik samling på Vassenden kyrkjesenter i september. Då var misjonær Frode Brugger Sætre der og fortalde om eit spennande arbeid i Mali. Det er store utfordringar når det gjeld islamisme, men midt i dette kjem fleire til tru,

Når det gjeld naudhjelp, formidlar Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon viktige impulsar både til konfirmanter og andre.

I mars hadde ein besøk frå Israelsmisjonen, ved ei søndagsgudsteneste. Der fekk ein formidla det viktige oppdraget kyrkja har overfor det jødiske folk, og ei gruppe frå Luster deltok med fin song.

Eiklund – Hyllestad omsorgssenter

Torsdag 11.30 var det og i 2019 mange andakter på Eiklund ved prest og organist, ein til to



gonger i månaden. Frammøte må ein seie har vore stabilt, og også aukande dei siste par åra. Nokre av dei eldre frå Eiklund møter og trufast opp til gudsteneste i Øn kyrkje.

På institusjonen som heilskap, er det mange som ikkje er i stand til å komme på andakten. Då er det viktig at dei som ønskjer det kan få besøk av prest i etterkant. Personalet er flinke til å formidle det, og det har vore ganske mange slike besøk. Det er no faste besøksdagar ved prest.

I januar var , tradisjonen tru, konfirmantane på besøk, og Kirsten Gravdal Ryland og Audun Systad hadde ansvar, for det som vart ein fin ettermiddag, med god kontakt med bebuarane. Tilsaman var me 37 i daglegstova!

Diakoni – Kyrkja si medmenneskelege omsorg og fellesskapsbyggjande arbeid.

Hyllestad sokn har som kjent ingen diakoniarbeidar no , men mykje av arbeidet vårt har eit diakonalt tilsnitt, og det er omtala under dei ulike emna i årsrapporten.

Frå 2016 vart det oppretta eit felles gudsteneste- og diakoniutval. Det har mellom anna ført til fast kyrkjekaffiar. Elles kan ein vise til tiltaka på Eiklund omsorgssenter, der sokneprest og organist har andakter eller besøksdagar (soknepresten), litt mindre enn annankvar torsdag. Godt er det at frivillige til tider trer inn både med andakt og musikk.

På Eiklund vert presten ofte spurd om kontakt og samtale med bebuarar.

Mellom kyrkja og flyktnin-
getenesta er det kontakt, men
dette kunne gjerne blitt priori-
tert meir frå kyrkja si side, om
ein hadde hatt ressursar til det.
Nokre i kyrkjelyden har blitt
spurt om å vere sjåførar for ar-
rangement som denne gruppa
skal til, og det har fungert fint.
Soknepresten er medlem av kri-
seteamet i kommunen og møter
fast der.

Soknerådet tok for to år sidan

opp att å gje blomsterhelsing til
pårørande før jul. Dette vert det
sett pris på.

Kyrkjelydstur dette året til
Alværa kan vel gjerne reknast
som eit diakonalt tiltak, i alle
høve vellukka.

Internasjonal diakoni med
Kirkens Nødhjelp, der konfir-
mantar vert involverte, har ein
lang tradisjon for.

Ein har hatt markering av or-
ganasjonen «Leve», sitt arbeid,
oppfølging og omsorg av et-
terletne etter sjølv-mord . I 2019
ved eit gudsteneste i Bø kyrkje

onsdag 23.oktober.

Når det gjeld diakoni saknar
ein kanskje ein fast tilsett som
kan ta tak i organiseringa av
arbeidet. Samstundes gjer ein-
skildmenneske i kyrkjelyden
ein viktig innsats som ikkje sy-
ner att i statistikken!

Den årlege kyrkjelydsbasaren,
med mange frivillige medarbei-
darar, som sel lodd og går på
husbesøk, kan gjerne kallast ei
diakonal gjerning! Basaren var
i 2019 den 20.oktober og vart
svært vellukka trass i andre til-
tak samme dag og tid.

Kyrkjer, kapell og gravplassar

v/kyrkjeverje

KYRKJER:

Bø kyrkje hadde ikkje vedlikehald.

Hyllestad kyrkje fekk måla tårnet som stod
att etter målingsarbeidet året før. Det mid-
tarste av vindauga på nedsida av kyrkja fekk
omfattande vedlikehald der alle rutene vart
tekne ut, rotne sprosser skifta før kitting og
replassering av rutene.

Dessverre lukkast det ikkje å få gjort ferdig
galleriet og rommet bak galleriet. Håpet er å
få engasjert ein pensjonert snikkar på pen-
sjonistløn.

Øn kyrkje og Øn kapell hadde ikkje ved-
likehald.

Soknerådet fekk eit preikestolklede i gåve
frå Gudny Eriksmoen, til bruk i kapellet.
Aslaug Gjertsen, som vi hugsar godt som ta-
xisjåfør, dirigent, organist og mykje anna, har
laga botn til fileringsarbeidet. Ho var tante
til Gudny. Ho sjølv, Gudny Eriksmoen, har
utført dette fileringsarbeidet. Anne Dagrøn
Pedersen, hennar dotter, har laga utkast til
motiv. Så her har vore fleire generasjonar i
arbeid!

GRAVPLASSAR:

Soknerådet er godt nøgd med avtalen med
Åm Sognnes bygdeservice om kyrkjegardss-
lått og vedlikehald av gravplassane, og avtal-
en med Hyllestad Bygg AS for opning og
lukking av grav i samband med gravferder.

Årleg arbeid på alle gravplassane er pla-
nering og tilsåing av graver. Klipping og
beskjering av hekk og trær. Fjerning og knu-
sing av gravminne frå sletta graver.

Bø gravplass

Arbeidet med å skifte ut gjerdet rundt grav-
plassen vart likevel ikkje påbyrja i år. No
har vi kjøpt inn ein del materiale og håpar
at arbeidet, som må gjerast på dugnad, kan
starte våren 2020.

Hyllestad gravplass

Klargjering av gravfeltet mot syd er så godt
som ferdig, og teke i bruk.

Øn gravplass

Gravingstilhøve på Øn gravplass – nyaste
felta.

På grunn av aukande problem med store
steinar i jorda, må resten av gravfeltet gra-
vast om og steinane fjernast før vidare grav-
legging på feltet. Steinane er ofte så store at
ein ikkje får dei opp med minigravar og må
ty til større gravemaskin. Dersom feltet ikkje
vert grave om, må vi nekte tinging / reserve-
ring av grav på resten av gravplassen. Dette
fordi ein ikkje kjem inn imellom med stor
maskin og må plassere gravene fortløpande.
Finansiering er eit kommunalt ansvar og det
er løyvd midlar til dette prosjektet i 2020.



Draumkvedet

Tøge Talle og Ole-Henrik Moe med ei akustisk framsyning av «Draumkvedet», heile 52 vers. Begge har sterk familietilknytning til Sogn. Difor har dei fått Alv Reidar Dale, frå Leikanger, til å gjendikte visjon-sdiktet. Ei herleg gjendikting til «sognamaol», med gripande tonefølge av gamle melodiar frå Sogn og Fjordane.

Dei har og tatt utgangspunkt i gamalt vokalstoff frå Sogn, og laga “nye” melodiar til verket.

Den musikalske ramma kring verket har eit “modernistisk” uttrykk, som framhevar og dramatiserer handlinga, med sterke klangfargar frå historisk klangbotn..

Ole-Henrik tar utgangspunkt i eldre, sjeldan spelte slåttar frå Sogn, som han abstraherer til overgangar/interludia i stykket.

Her fekk vi høyre mange



historiske instrument i tillegg til diverse klanginstrument. Det var, i det heile, ei sterk oppleving i Øn kyrkje, onsdag 25. mars. Med Tøge Talle, vokal, samt blåse- og klimprein-

strument. Ole-Henrik Moe på ulike strykeinstrument, samt Norgesglas som gav ein heilt magisk/trolsk lyd.

Basar i Skifjord bedehus

Det er lenge sidan det har vore så trangt om plassen i bedehuset på Bjørnestad, som då den årlege basaren vart avvikla søndag 16.februar.

I andakta tok Anfrid Misje Åsmul utgangspunkt i tema for Bibeldagen 2020, som er fokus på situasjonen i Kina. Olset mannskvartert deltok med song, og Reidun Eiken stilte nok ein gong som organist. Kaffi og litt mat vart det til alle, sjølv om frammøtet var i overkant av kva ein optimistisk hadde forventa.

Firma og privatpersonar hadde vore rause med å gje gevinstar, så loddosal og åresal gjekk glatt unna. Det kom inn kr. 29 150 kroner.

I tillegg til dei vanlege driftsutgiftene, har det dei siste åra vore gjort omfattande og



Fullt hus på basar i Skifjord bedehus.

Foto: Stian Berge

nødvendig arbeid med bedehuset. Dette har kravd stor dugnadsinnsats, men òg eigne økonomiske midlar i tillegg til noko tilskot. Enno står det att ein del arbeid som bør gjerast.

Basarpengane er difor kjærkomne påfyll i ei slunken bedehuskasse.

Takk til alle som bidrog på ein eller annan måte!

Spesielle tider for kyrkje, land og folk

Rett før dette påskenummeret skulle gå i trykken, vart som kjent mykje endra for oss alle.

Detaljane framover, korleis det vert med arrangement i kyrkja, veit me ikkje noko om.

Ein måte me kan kommunisere på i desse tider, er dei sosiale media.

Torsdag 12. mars stod denne bøna på facebookside til Hyllestad kyrkjelyd; opphavleg frå Sogndal, utforma av soknepresten i Balestrand, Kjetil Netland.

Vi tek den med her:

BØN

Herre Jesus Kristus,

Du lækte sjuke og tok deg av dei som var hjelpelause.

Vi kjenner oss hjelpelause i denne kritiske tida for menneske i heile verda.

Ta deg av dei som er smitta og dei som er sjuke. Lat dei få att helsa.

Beskytt dei som har lågt immunforsvar, frå å verte smitta.

Kom med din fred til dei som er redde.

Verna dei som arbeider i helsevesenet og

omsorgstenestene, så dei ikkje vert smitta.

Vi bed for skuleelevar, familiar og verksemdar som vert ramma hardt av denne epidemien.

Gje visdom til styresmaktene i kommunen vår, i Noreg og i verda til å handtere denne situasjonen.

Hjelp oss å få kontroll over spreinga av korona-viruset.

Miskunna deg over oss, Herre Jesus.

*«Du skal ikkje frykta for redsler i natta,
for piler som flyg om dagen,
for pest som fer fram i mørkret,
for plage som herjar ved middagstid.
Du, HERRE, er mi tilflukt.»*

Salme 91, 5 – 6 og 9a

Treng du nokon å snakka med i denne tida, kan du ringe prest eller ein annan av dei tilsette i kyrkja.

Lokalt her : sokneprest Audun Systad
- tlf. 971 55 237

Du kan òg ta kontakt med Kirkens SOS:
www.kirkens-sos.no/telefon

Konfirmantar våren 2020:

Grunna korona-situasjonen har Bjørgvin bispedøme bede oss utsetja vårens konfirmasjonar til etter sommarferien. Ein kjem attende til nye datoar so snart det er klart, men då sjølvstas med atterhald om at det då er normale tilstandar att.

Bø, 26. april.
UTSETT

Oliver Wolff
Ayla Kristin
Fladhammer Cirkic
Marcus Lundahl
Tuva Bråstad
Mathea Bråstad
Ann Charlott Pedersen
Ine Elise Pedersen

Hyllestad, 3. mai.
UTSETT

Ole Johan Dale
Håvard Bakkebø Tonning
Ingelin Hyllestad
Lea Ytredal Akse
Matilde Forthun Lekva
Robin Boge Skaar
Viljar Glavær Akse
Isak Pedersen
Johannessen

Øn, 10. mai.
UTSETT

Juni Langedal
Sivert Offerdal Lien
Andrea Ulvik Fleten

Optimisme for Alværa

Måndag 27. januar var Alværas-tyret samla til møte der det var tid for både tilbakeblikk og evaluering og planlegging av vegen vidare.

Vi kunne glede oss over at:

- det hausten 2019 var fleire grupper som hadde arrangement på Alværa for første gong.
- det vart ein kjekk adventsfest med mykje folk, god stemning og god hjelp på kjøkkenet
- dusjane er reparerte og har no både varmt og kaldt vatn.
- lysstolpane på uteplassen har fått nytt armatur som gir godt lys
- 2 nye vaskemaskinar og 1 ny støvsugar gjer ting enklare.
- innkjøp av ein del nye madrasser og nokre rammemadrasser slik at alle kan ligge godt

Vi må jobbe vidare med:

- kva vi gjer med dei 2 utleiehyttene til Alværa, marknadsføring og bruk
- istandsetting av styrarbustaden slik at den kan brukast i samband med arrangement
- vedlikehaldsplan og invester-

ingsplan

- marknadsføring og nå ut til nye grupper

- oppgradering av heimeside

Vi er optimistiske med omsyn til økonomien i 2020. Resultatet for 2019 syner eit overskot, takka vere mykje god dugnadsinnsats frå Alværavener og minimalt med lønsutgifter. Difor kan vi også i 2020 samle born, unge og vaksne om det aller viktigaste på kyrkje- og misjonssenteret vårt.

NB! Det er framleis ledige helger til hausten, så planlegg du kurs, seminar eller feiringar, ta kontakt. (mobil 489 90 661)

DET SKJER PÅ ALVÆRA VÅREN 2020:

Søndag 7. juni:

Alværastemnet

11.00: Gudsteneste ved Ingvald Andersen Frøyen og born på sommarleiren.

12.30: Middag (påmelding)

14.30: Ettermiddagskaffi med årsmøte, årssal og song.

Førsommarleir 5.-7. juni

Denne sommaren er det ikkje

leir i sommarferien, men første helg i juni i staden.

Vi satsar på bading, uteleik, gode samlingar der vi lærer om Jesus, leirkvelder med mykje moro og glade dagar saman med nye og gamle verner. Elisabeth Sowerby Dale har hovudansvar for leiren, som blir avslutta saman med Alværastemnet søndagen.

Familieleir

Helga 12.-14. juni er det klart for Familieleir på Alværa.

Vi kjem saman for å byggje fellesskap og nettopp «byggje» blir eit stikkord for helga. Vi lærer om korleis dei byggjer kyrkje i Estland og andre land, samstundes skal vi byggje noko saman på leiren, kanskje ein gapahuk? Samlingar og aktivitetar for heile familien står i sentrum denne leiren.

Påmeldinga startar 15. mars.

Meir informasjon om Alværastemnet og leirane vil du finne på facebook-sida til Alværa Misjonssenter.

Velkommen til dåp

Før fekk alle som var medlemmer av Den Norske Kyrkja invitasjon til dåp når dei hadde fått eit lite barn. Frå 1.oktober 2018 får ikkje lengre kyrkjekontora informasjon om born som vert fødde, og kan difor ikkje lengre sende ut invitasjon. Det er altså datatilsynet og personvernomsynet som har sett ein stoppar for dette. Mange synst dette er leit, og har venta på ein invitasjon frå kyrkja.

No er det ikkje noko me kan gjere med dette. Me kan berre understreke: Ta kontakt med kyrkjekontoret. **VELKOMMEN TIL DÅP!**

Kva er dåpen?

Før var det vanleg å tenke at barnet fekk namnet sitt i dåpen. Slik er det ikkje. Presten spør: «Kva heiter barnet?» Det er eit teikn på at han eller ho vert opptekne i den verdsvide kyrkja, vert ønskt velkomen og får del i Guds nåde og kjærleik.

Å leve og vekse i trua

I dåpen vert barnet teikna med krossmerke, for å høyre Jesus til. Ingen veks opp i et nøytralt rom. Dei kristne verdiane er eit godt livsgrunnlag. Gjennom dåp og innføring i trua får barnet eit grunnlag for å gjere sjølvstendige val. Kyrkjelyd og heim står saman om å utforske dåpen si store gåve.

Her i Hyllestad vert alle invitert inn til kyrkja gjennom trusopplæringa med dei ulike fasane der.

Bra er det og å melde inn dei små i «Hjemmenes Dåpsring» der ein får tilsendt mykje fint materiell.

Tradisjon og håp

Dåpen er «ein fin tradisjon», vil nokon seie. Det treng ikkje vere uttrykk for likesæle. Tradisjon er ein del av



Live Hatlem Skår vart døypt i Hyllestad kyrkje nyårsafta 31 desember 2019.



Ayla Kristin Fladhammer Circik vart døypt i Hyllestad kyrkje 1.søndag i advent 1.des. 2019. Ho valde å bli døypt ved lysmessa der ho og dei andre konfirmandane deltok med song, lesingar og bønner og lyttenning. Mange gav uttrykk for at dette var ei fin stund!

identiteten vår som vi kan velje å føre vidare med alt det har å seie.

Då er det godt om ein oppdagar at dette er noko som og ber håp med seg, eit håp som er der og utover dette livet. Sluttorda ved dåpen er alltid frå 1. Pet.1,3: «Lova vere Gud, vår Herre Jesus Kristi Far, han som i si store miskunn har født oss på nytt til (har gjeve oss) ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå de døde». Ein vert døypt til eit liv med Jesus, og lovnadane der set liva våre inn i Guds evige perspektiv.

Dåp av større born, ungdom og vaksne

I Den Norske kyrkja vert dei fleste døypt som små born, men det er ingen aldersgrense for dåp. Konfirmasjonstida

fører kvart år til at mange unge ønskjer dåp. Om du vil vite meir om dette, så ta kontakt med presten eller annan tilsett i kyrkja.

Vaksne som ønskjer dåp, vert invitert til samtale og eventuell undervisning om den kristne trua. Dersom du er utmeldt av kyrkja og vil melde deg inn att, vert du ikkje døypt på ny. Dersom du er døypt i eit anna kyrkjesamfunn, vert du heller ikkje døypt på ny.

Ved dåpen vert ein medlem i Den norske kyrkja. Dåpen er det einaste kriteriet for medlemskap i kyrkja. Etterfølgjarane til Jesus fekk i oppdrag å døype og undervise om Guds gode vilje med menneska sine liv.

Igjen: **HJARTELEG VELKOMMEN TIL DÅP!**

«Lina Sandell sine salmar er eg spesielt glad i»

Det er Gunvor Inderøy som seier det. Me møter henne ein ettermiddag i den fine leiligheita på Eiklund, der ho har godt utsyn over båthamna og Sørbøvåg sentrum.

For ikkje lenge sidan runda Gunvor 90 år. Ho har altså fått mange år, men livet har vore vekslende med sorger og gleder. Ho var fødd Eide, og ho og søstera Kjellaug, som var eit par år yngre, vaks opp saman. Kjellaug døydde i januar i år, og var busett i Bardufoss.

Mor deira Gjertine, som var fødd Skivenes, vart i ung alder råka av tuberkolose, og kom til Luster sanatorium, slik fleire gjorde på den tid. Saknet var naturleg nok stort. Far Henrik gjorde sitt beste, og tok seg godt av dei, midt i alt strevet. Mor sende kort til dei og sydde klede, men det kom dessverre aldri i hendene deira på grunn av smittefaren. På slutten av opphaldet kom Gjertine til Lavik, og dei fekk besøke henne der.

Mor døydde

Då Gunvor var 5 år gammal, døydde mor hennar. Det var medan kyrkja enno stod på Øn. Ho hugsar kor dei vaksne gret, og nokon av dei næraste sa til far hennar, at jentene ikkje måtte vere med i graverda, for å spare dei for den opplevinga. Henrik var likevel vis nok til å ta dei med, og minnet om at Gunvor fekk legge ned ei rose på grava, står enno sterkt prenta i minnet hennar. Tante Olga sa at no har englane teke mamma opp til himmelen. Det førte til at Gunvor dei neste dagane såg ut glaset, om ho kunne sjå mor si, noko ho ikkje gjorde! Trua og trøysta var



likevel fast i henne. Mor hadde det godt i himmelen!

Søndagsskule og bedehus.

Lina Sandell sine salmar

Gunvor ber med seg gode minne frå at Hanna Ottesen hadde søndagsskule i bedehuset på Gil. Seinare var ho med i Sørbøvåg på bedehuset der, og Ola Tønning tok over, og hadde søndagsskulen i svært mange år. Dei bibelske forteljningane fenga den unge jenta, og Lina Sandell sine salmar lika ho svært godt. Ho skreiv fleire av salmane sine medan ho sat i det 300 år gamle asketrete utanfor preste-garden i Småland, der Lina vaks opp. Gunvor fekk i vaksen alder besøke denne staden på ei reise, og det var ei stor oppleving for henne.

Ingen er så trygg på ferda
som Guds barneflokk i verda,
ingen fugl så vel er verna,
inga himmelsol og stjerna.

Herren sine trugne lagar
kvilestad i Sions hagar.
Over dei han seg forbarmar,
ber dei stødt på faderarmar.

Naud og lukka til vil falla,
Herrens hand skal fast oss
halda.

Som ein ven han sine aktar,
han er deira skjold og vaktar.

(Norsk Salmebok 488 1-3)

Denne svært mykje brukte og kjente salmen, skreiv Lina i asketrete i prestegarden. Så kom det på sorg for henne og, då far hennar, som var i prostestilling, omkom så brått på sjøen i ei båtulykke. Lina var og med i båten, men vart berga. Lina skreiv trøstige vidare, og har gjeve oss mange fine salmar. Ho såg på det som si spesielle oppgåve, å kunne vere med å gje håp, tru og trøyst midt i det vanskelege. Ho samla sine mest kjente salmar og sangar i eit 3-bindsværk med 650 ulike sangar! Ho har blitt kjent som Sveriges Fanny Crosby.

Oppvekst

Gunvor skulle sakne mor mykje. Dei fekk etter ei tid hushjelp, som seinare skulle bli gift med far hennar. Det var Sygni som kom frå Hjelmås i Hordaland. Ho ynskte å ha faste rammer og kunne vere bestemt. Då kunne Gunvor tenke på og lengte etter mor. Så fortel ho om eit godt minne, som heldigvis skin veldig fint når ho tenker på stemor. Det stod ei kiste etter mor hennar

med klede i. Sygni fann fram brudekjolen til mor Gjertine, og så laga ho fine blusar til henne og søstera. Så fekk dei silkeskjørt, kvit bluse og blått silkeskjørt. Då var dei kjempefine, når dei skulle ut. At ho som 10-åring også fekk ei fin dokke, trer fram som eit kjærte minne. Oppveksten vart, midt i alt, god, og ei solid ballast i livet.

Til Bergen

I unge år var Gunvor ei tid i Bergen i teneste der. Ho gjekk mykje på stader der Guds ord vart forkynt, både i Indremisjonen, Frelsesarmeen og Pinsemenigheten Tabernaklet, der ho etter kvart vart medlem. Ho synst der var ei fin og levande forkynning av Guds ord.

Yrkesaktiv alder, misjonsforening og studiearbeid

Gunvor og Magnus Inderøy vart

gift, og fekk eit langt liv saman. Dei busette seg på Skiveneset. Magnus var ein del på fiske, og Gunvor og borna måtte då ta mange tak heime. Sjølv om hus og heim kravde sitt, fekk Gunvor alltid tid til å engasjere seg i arbeidet i misjon. Ho minnest med glede misjonsforeningen dei hadde. Anna Åsmul f. Sørbø var ei av drivkreftene. Noko dei dreiv med i mange år, var brevkurs. Det kunne vera bibeleske tema, men og andre tema, t.d. blommar, det å bli eldre osv. Ikkje sjeldan var det og invitert inn foredragshaldarar. Det kunne vere presten eller andre. Ho hugsar både Odd Sverre Hove og Svend J. Jensen var med der.

Håp og trøyst

I 2009 døydde Magnus. Han hadde då ein god alder. Yngre var sonen Helge som døydde for 3 år sidan. Lina Sandell sine

salmar står der med håp og trøyst. Gunvor nemner salmen «Bred dina vida vingar» som ein av dei aller kjæraste. Den syng me og ofte når det er andakt på Eiklund:

Bred dina vida vingar,
o Jesus, över mig
och låt mig stilla vila
i ve och väl hos dig!
Bliv du mitt allt i alla,
min visdom och mitt råd,
och låt mig alla dagar
få leva blott av nåd!

Förlåt mig alla synder
och två mig i ditt blod!
Giv mig ett heligt sinne,
en vilja ny och god!
Tag i din vård och hägnad
oss alla, stora, små,
och låt i frid oss åter
till nattens vila gå!

(Norsk salmebok 819)
A.S.



Gudsteneste ved Havørn- bautaen/ Risnes- haugane, søndag 19. juli kl. 12.00 2020

I fjor, 19.august, var det ei gudsteneste med fint frammøte ved havørnbauten. I år prøver vi på ny, ein månad før, 19.juli. Midt på sommaren kan det og vere fleire sommargjester i området.

På biletet ser vi lokale krefter som sytte for god servering. Det håpar vi på også i år:

(Frå v. Vicky Bårøy, Anne Marit Løvø, Grethe Johannesen og Ragnhild Rine Hofland)

Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte
hjelpe dykk som pårørende,
med alt som høyrer
ei verdig gravferd til.



Blomstertorget A/S
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569
www.blomstertorget.no



HAVYARD

Improving life at sea

**Vi tek sikte på å fylla minst
ei heil side i kvart nr. (3 nr pr år)
med annonser til fylgjande prisar:**

Visittkortannonse

3 innrykk pr. år: kr. 2.100,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 1.800,- pr. år

Dobbel visittkortannonse,

3 innrykk pr. år: kr. 3.900,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 3.200,- pr. år

*Ta kontakt med kyrjekontoret i fall
di bedrift ynskjer ha ei annonse i
bladet for, på den måten, å støtta
kyrkjebladet.*

ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggningsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf:959 43 735 www.aamsognes.no

SPAR 
Hyllestad

ÅPEN 09-20 (18)



HAFS Elektro & Rør AS

Treng du elektricar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere **din bustaddraum!**

- Vi tilbyr:
- Hus og hytter frå Norgeshus
 - Eigen prosjekteringsteneste
 - Byggeleiing og prosjektleiing

NORGESHUS
Ryland Bygg

6958 Sørbovåg - Tlf 992 81 401 - www.rylandbygg.no - rylandbygg@norgeshus.no

Velkommen til kyrkje

Dette er gjeldande gudstenesteplan, men her kan, i desse korona-tider, koma endringar. Følg difor med på kyrkja i Hyllestad si facebook-side og i lokalavisa. Påska er veldig usikker, i det bladet går i trykk. Vi vil og freiste halda heimesida, www.hyllestad.kyrkja.no, so oppdatert som råd er.

1. mai, Hyllestad gamle kyrkjegard		kl. 15:00 «Arven frå vest»- kort gudst., i samband med pilegrimsvandring (start v Akse) Takkoffer misjonsprosjekt Mali
3. mai, Hyllestad	kl. 11:00	Konfirmasjon, Takkoffer trusopplæringsarbeidet
10. mai, Øn	kl. 11:00	Konfirmasjon, Takkoffer trusopplæringsarbeidet
17. mai, Hyllestad	kl. 11:30	Festgudsteneste Takkoffer Fjordklang
24. mai, Hyllestad	kl. 18:00	Minikonf. avslutning /Fam.samling/gudst.
31. mai, Hyllestad	kl. 11:00	1.Pinsedag, Takkoffer Norea mediemisjon
1. juni, Øn kapell	kl. 16:00.	Innviing av preikestolklede, offer NMS i Mali
7. juni, Alværastemne	kl. 11:00	(Tur frå Hyllestad)
13. juni, Espelandsvatnet	kl. 20:00	Fjøsmesse/naustmesse. Offer, NMS i Mali
28. juni, Kvernsteinsparken	kl. 14:00	Offer, Kirkens SOS
5. juli, Bø	kl. 11:00	
19. juli, Risneshaugane	kl. 12:00	Friluftsgudst. Ved Havørnbautaen,
26. juli, Øn	kl. 18:00	
16. aug. Porten	kl. 12:00	Skyss frå Eide kai kl.11
23. aug. Ramsgrø Bedehus	kl. 14:30	
30. aug. Hyllestad	kl. 11:00	50 årskonf, Konf. pres.
13. sept. Hyllestad	kl. 11:00	4-årsbok
20. sept. Øn	kl. 11:00	
27. sept. Bø	kl. 11:00	

FERIETIDA FOR SOKNEPRESTEN:

I sommar har Audun Systad ferie i veke 26: 22.-28. juni og veke 30-32: 20. juli- 9. august. Vikarar er naboprestane i Fjaler og Askvoll, og sommarvikarar.

STUDIEPERMISJON

I samband med studiepermisjonen om steinkrossane, som vart skrive om i sist kyrkjelydsblad, har Audun Systad studieveker i veke 23-25: 2.-21. juni.

Glede og sorg

DØYPTE:

Hyllestad: Ayla Kristin Fladhammer Cirkic
Live Hatlem Skår
Vegard Elnes

GRAVLAGDE:

Hyllestad: Jostein Dale, f.1946
Margot Irene Holst f.1937
Øn: Ørnulf Kvamme f.1969
Signy Målfrid Sundbotten f.1942
Ottar Solås f.1935
Bjarne Nistad f.1925
Bø: Terje Johan Lie f.1937

INFORMASJON

Returadresse.

Kyrjekontoret

Lifjordvegen 7

6957 Hyllestad



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Hyllestad sokneråd 2019 – 2023

Faste medlemmer:

Linda Ølmheim
Reidun Skår
Steinar Urnes
Anny Dale Fureli
Liv Synnøve Andersen
Brit Inger Skaar

Varamedlemmer:

1. Atle Tonning
2. Odd Takle
3. Magnhild Hofland
4. Kurt Arve Kjos
5. Rune Risnes

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrjekontoret har telefonetid tysdag og torsdag kl 10.00-15.00

Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungd.arbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiar/kyrkjeverje: Irene Fløde • Kontortid tysdag

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Audun Systad

E-post: audun.systad@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 971 55 237

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

Elles tilgjengeleg etter avtale.

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar / klokkar Gunvor Insteffjord - Mobiltelefon: 975 33 941

UTADRETTE STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog Toril Lange

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Linda Ølmheim - Mobiltelefon: 976 20 937

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrjekontoret formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på tlf. 57 78 85 65/975 83 290 !

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no